

Næringshagene i Norge  
Postboks 1253  
7462 TRONDHEIM

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

### **HØYRINGSUTTALE:**

#### **Ekspertutvalet sin rapport om regionreforma og nye oppgaver til fylkeskommunane**

Ekspertutvalet foreslår at ansvar for oppgåvene og virkemidla som i dag ligg til Siva blir overførte til fylkeskommunane. Siva er foreslått nedlagt.

Tilsynelatande har ekspertutvalet komme fram til denne konklusjonen utan å vise til ein einaste av alle evalueringar og studier av det nasjonale næringshageprogrammet. Kunnskap om og dokumentasjon av effekt bør vere relevante når ein vurderer flytting og regionalisering av nasjonale virkemiddel. Utover å styrke fylkeskommunane sine arbeids- og ansvarsområde, framstår argumentasjonen difor ikkje logisk eller rasjonell. Publikasjonar som er særleg viktige er:

- Jakobsen S.E. med fl. (2017): Midtveiseevaluering av Sivas Inkubatorprogram og Næringshageprogram, SNF-rapport nr 1 2017
- Innovasjonsselskap: Infrastruktur eller nærings-virksomhet?, Nordlandsforskning, 2011
- Næringshageprogram 2011-2021
- Kundetilfredshetsundersøkelse, NTNU, 2016
- Ringholm T. med fl. (2008): HAGER I SKIFTENDE LANDSKAP: Evaluering av SIVAs Næringshagesatsing, Norut rapport nr 11, 2008

Næringshageprogrammet har som hovudmål å bidra til auka verdiskaping, vekst og utvikling av norsk næringsliv i distrikta. Programmet skal i tillegg vere eit virkemiddel for fylkeskommunane og bidra til at fylkeskommunane si rolle som regional utviklingsaktør blir styrka. Samspelet mellom Siva som programoperatør, fylkeskommune som eigar og part i programmet og næringshageselskapet er i dag forankra gjennom ein trepartsavtale. Hensikt med denne er å sikre god gjennomføring av programaktivitet og sikre regional forankring til fylkeskommunen.

Siva har ei nasjonal rolle i å gjennomføre regjeringa sin næringspolitikk. Gjennom sine verktøy for eigarskap, eigedom og programverksemd (næringshage- og inkubatorprogram og katapultsentra), opererer Siva ein nasjonal infrastruktur for heilskapleg utvikling av næringslivet i Norge.

Næringshagene i Norge meiner at nettopp ein nasjonal koordinert infrastruktur har vore, er og vil vere ein sentral suksessfaktor for å bidra til innovasjon og lønnsam næringslivsutvikling i heile landet og nå mål regjeringa ha sett i sin næringspolitikk. Gjennom den nasjonale strukturen er innovasjonsselskapa i dei ulike regionane kobla opp mot tilsvarande miljø over heile landet.

Næringshagene i Norge er uroleg for at overføring av kunnskap, deling av beste praksis, samarbeid på tvers av næringshageselskap og tilknytta bedrifter, faglege nettverk og tilgang på nettverket sin kompetanse står i fare for å smuldre bort om ein mister den nasjonale koordineringsfunksjonen. Ei desentralisering av ansvar for programaktivitet og eigarskap vil kunne føre til ei fragmentering av eit

nasjonalt fungerande nettverk, bortfall av kriterier og system for einsarta måling og evaluering av effekt. Ein kan komme til å oppleve at ein vil kunne få mange ulike variantar av eit nasjonalt program.

Gjennom å være en del av ein nasjonal struktur med eit felles nasjonalt program vil difor næringshageselskapa i Norge bli betre i stand til å bidra til vekst, utvikling og auka konkurransekraft i næringslivet i sine regionar. Det at næringshagane og programmet er ein del av ein nasjonal struktur bidrar til å sikre god koordinering og samarbeid mot dei øvrige nasjonale virkemidlane som Innovasjon Norge og Forskningsrådet, på nasjonalt og regionalt nivå.

Næringshagane ønskjer også i framtida å vere gode verktøy for nærings- og samfunnsutvikling i fylkeskommunane.. Koblinga mot og samarbeid med det regionale nivået er svært viktig for næringshagane, og for bedriftene som er del av desse miljøa, og det er ønskeleg å styrke denne koblinga. Fylkeskommunane kjenner næringsliv, moglegheiter og utfordringar i regionane, og ser samanheng mellom dei regionale og nasjonale virkemidlane og aktørane. Fylkeskommunane vil dermed vurdere og evaluere næringshagane ut frå andre kriterier, og særleg leggje vekt på rolle som regionale utviklingsaktørar i sine respektive fylkeskommunar. Fylkeskommunane har dermed fleire måtar å styrke regionalt utviklingsarbeid på, utan regionalisering av nasjonale virkemidlar.

Avslutningsvis følgjer ei oversikt over utviklinga i næringshagane som er tatt ut frå årsrapporten til Siva. Tabellen nedanfor viser talet på bedrifter i næringshageprogrammet per 31.12.2017

Tilknytningsform	2013		2014		2015		2016		2017	
	Avtalestart	Totalt	Avtalestart	Totalt	Avtalestart	Totalt	Avtalestart	Totalt	Avtalestart	Totalt
Målbedrifter	560	1 122	357	1 222	380	1 354	558	1 610	541	1 573
Medlemsbedrifter	144	339	84	338	51	292	164	474	81	448
Prosjekter	133	143	75	120	8	40				
<b>Totalt</b>	<b>837</b>	<b>1 604</b>	<b>516</b>	<b>1 680</b>	<b>439</b>	<b>1 686</b>	<b>722</b>	<b>2 084</b>	<b>622</b>	<b>2 021</b>

Tabellen viser at det var ei betydeleg auke i bedrifter i næringshageprogrammet frå 2015 til 2016, men at det har vore ein liten nedgang (3 %) i talet på bedrifter frå 2016 til 2017. Denne nedgangen skuldast at det i 2016 var 47 næringshagar i program, mens det i 2017 var 40 næringshagar. Desse 40 næringshagane hadde totalt 1 442 målbedrifter i 2016, og har dermed hatt ei auke på 9,1 % i talet på målbedrifter frå 2016 til 2017. Dei to siste åra har nye målbedrifter i næringshageprogrammet utgjort om lag ein tredjedel av alle målbedrifter. Verdskapinga gjennom næringshageprogrammet er betydeleg. Målbedriftene i næringshageprogrammet har ei akkumulert omsetnad siste tre år på 129 milliardar og sysselset til saman om lag 23.000 personar. Sjå Siva sin årsrapport for fleire resultat og effekt av næringshageprogrammet.

Næringshageselskapa er etablerte med privat aksjemajoritet. Ein viktig grunn til dette er at lokalt og regionalt næringsliv skal kunne leggje strategiske føringar for utvikling av eige næringsliv i samspel med kommunar og fylkeskommunar – innanfor rammen i det nasjonale næringshageprogrammet. Ein annan grunn er å sikre politisk uavhengighet i finansiering og gjennomføring av program. Næringshagane i Norge meiner at eit nasjonalt samordna næringshageprogram sikrar strategisk og langsiktig forankring og kontinuitet. Fylkeskommunane vil vere viktige regionale samarbeidspartnarar og også framleis eigarar av program. Dette sikrar regionale tilpasningar og lønnsam næringsutvikling i regionane.

Med helsing  
For Næringshagene i Norge

Laila Steine  
Styreleiar